

FINNSTIGEN

HEMSEDAL



SKOGSTIG TILRETTELACT AV
HEMSEDAL SKOGEIGARLAG

Heimstølar

Den fleste gardsbruka hadde frå gammal tid både heimstøl og langstøl. Budeta budde med dyra på langstølen om sommaren då beta i fjellet var på sitt beste.

Heimstølane lag nærare gardane og gjerne solvendt, der smøen gjekk fort om våren. Det var svært viktig å få buskapen på bite så snart som mogleg etter vinteren, for i vårkjøpa kunne det vere så som så med mat til dyra.

På stølen kunne det vere både bu, fjøs og ei løe til oppbevaring av fôr. Føret vart kjørt heim nær avstanden ikkje var for stor. Både kyr, sauer og gøiter var med på stølen, ofte også grisar.

På langstølane vart mjølka videreførd til smør og ost. Det var ikkje veg for hjulreisskap til stølane i gammal tid, så det varene som vart produserte her måtte ein bere heim til garden eller frakte på hesteryggen.



Vandring i naturen er ikkje lyrt og fremst å gå ein distanse, men å ha opne sansar og tid til å sjå alt det forunderlege som er å oppdage. Kanskje kan vi tenkje litt etter og skjønne at vi også er ein del av det forunderlege systemet som naturen er.

grafik design, svein rosseland, 21. si century chromagion, n.3500 hemsedal
foto: knut olov holdenhus, hemsedal • trykt: service-trykk as, 3217 sandefjord

Skogen i Hemsedal

Skogarealet er berekna til 171.400 da. Av dette er 31% produktiv skog, dvs skogsmark som kan produsere meir enn 0,1 m³ tømmer eller ved på eit da. (1.000 m²) i løpet av eit år. Andre skogareal, som i hovedsak ligg klimatisk utsett til opp mot fjellet, utgjer soleis ein stor del av det skogkleddde arealet.

Den produktive skogen er fordelt på 318 eigarar. Stort sett er dette gardsskogar. Gjennomsnittarealet pr. eigar er 167 da, ofte delt opp i fleire skogteigar.

Den klimatiske mest utsatte delen av fjellskogen er kartfesta som verneskog. Skoglova inneheld bestemmelser for hogst i slik skog. Opp mot fjellet har skogen ugunstige vilkår m.a. når det gjeld frøsetting og vokster. Det er difor ei rekke skogkologiske omsyn som må takast i forvaltinga av verneskogen.

Skogstigen i Hemsedal

Skogstigen har Hemsedal Bygdattun som utgangspunkt. Den inviterer til ein fin rundt om langs stigen, og der vil du finne nokre opplysningar om naturen og menneskja sin bruk av naturen. Plakatane er merka av på kartet, og det vil også hjelpe deg til å vite kor å nytte eit flott utsyn over bygda. Stigen er omlag 4 km lang.

Ha ein god tur!



- Skogen betyr mykje
- Saman med jordbruket har skogen gjennom skiftande tider, vore berejleken i mange familliar sin økonomi.
 - Som miljø og levestad for planter og dyr, for jakt og auna frituftsiv.
 - Klimatisk, særleg i forhold til vind, frost og erosjon.
 - Estetisk, som landskapselement og viktig del av bygda sitt vanlege preg.

Frituftsiv – skikk og bruk i naturen

I vårt land er folk flest finkje til å dra ut i naturen i fritida si. Vi har rett til fri ferdsel i utmark (skog, fjell, og vatn) heile året. Dette er svært verdifullt.

Det er visse reglar for slik ferdsel, og det bør vi hugse når vi sorglaust boltar oss på andre sin eigedom. Helle regelverket finst i frituftslova, naturvernlova, bufelova, villova og bramlova.

Det er triveleg med bål i skogen, men:

Hugs at det er forbode å tenne bål i tidsrommet 15. april til 15. september.

